

# Jubileumsposten

April/Mai 2008

Nummer 4

## Inspirasjonsseminar 2. mai

Av Guro Redalen

Inspirasjonsseminaret har tittelen ”Hva betyr idretten/ idrettslaga for bygdene?”

Innledere er toppidrettssjef Jarle Aambø og trener/ friidrettsutøver Magne Wullum.

Aambø vil ta for seg sin jobb i Norges Idrettsforbund. Hva den går ut på, hva gjør forbundet for å støtte og stimulere de små idrettslaga og hvor står det sentrale Norge i forhold til de små laga. Han vil også ta en sekvens om barn og unge sett i et prestasjonsperspektiv. Wullum vil bl.a. snakke om lagånd - i og utenfor banen. Om de små idrettslags betydning, og toppidrett kontra bredde. Hånd i hånd, eller? I tillegg vil 6 personer med ”sine meningers mot” delta i paneldebatten. Konferansier er Ole Magne Ansnes.



*Jarle Aambø kommer til Todalen*

Disse pluss dere i salen, håper vi kan gi oss alle et godt påfyll og masse inspirasjon til å ta fatt på nye 100 år.

**Vi starter kl.1800 ved Storfossen** (Gammel-fabrikken Talgø) Her blir det en liten orientering om parkplanene i området og en kaffekopp.

**Kl. 1930 fortsetter vi i Todalen Ungdomshus**. Med innledere, paneldeltagere, kulturinnslag og ikke minst, et ”revolverintervju”.

Vi ønsker styre, medlemmer og andre interesserte: **Hjertelig velkommen!**

**Gratis entre!**

**Kaffe og matsalg!**

## 17. mai - frokost på Bordholmen



Etter biltoget samles vi på Bordholmen for frokost. Fotballgruppa er arrangør og de har både plass og mat til ”hele bygda”. Ungdomshuset blir reserveløsning i tilfelle regnvær. Det kommer mer info om arrangementet senere.

## Slektsstevne 1.-3. august

Av Guro Redalen

Det er på tide å planlegge sommeren, og helga 1. – 3. august er det i Todalen det skjer! Av programmet kan vi lekke flere detaljer her.

**Treffpunkt?**
Det vil i tillegg til hovedarrangementstedene bli opprettet treffpunkt på ”bøgda” slik som Halsesamlinga, Pestua med nytt oksefjøs og hønseri, Steinarstua med gammel bakerovn og eldhus, 4H arrangerer natursti i området rundt Steinarstua, Haugabu med feleutstilling, Kårvatn fjellutstyr har åpen butikk med ”todalsrabatt”, gardsmuseet i Nestuå Gjeldnes og gudstjeneste søndag. Mer fyldig info kommer i neste Jubileums-post.

**Husrom?**
Det kan bli trangt om plassen i bygda denne helga, så komiteen kommer nå med en oppfordring til å begynne å tenke på husrom. Et alternativ til privat innlosjering er Todalshytta. Ta kontakt på tlf 71 66 38 36.

Vi kommer også herved med en oppfordring til alle med ledige senger denne helga til å tenke seg om de vil åpne opp dørene for utvidet slekt.

Ta kontakt med Eivind Grønmyr på tlf 478 10 128.

**Todaling?**
Om du lurer på om du er ”nok” todaling til å delta så er det ikke noen opptakskrav verken i gener eller slektskap.

**Har du lyst til å delta er du hjertelig velkommen!**



*Eivind Grønmyr demonstrer bakerovnen i eldhuset. Under slektsstevnet vil det bli både smaksprøver og salg av steinbakt brød.* *Foto: JOØ.*

## *Todaling som profesjonell boksar i USA.*



*Arne A. Husby, Ørastun, som vart proffboksar i USA.*

*Måleri: Todalen historielag*

*Han var berre 17 år gammel han Arne A. Husby da han reiste frå Todalen. Han var fødd i Ørastun i 1906, flytta seinare saman med mora og dei to brørne til Naustvollen og vart truleg omtala som Arne Naustvolla. Da han kom til Astoria i staten Oregon, hadde han fleire jobbar utover åra. Ei tid livnærte han seg som ein hardtslåande profesjonell boksar. Da han gifta seg, måtte han leggje boksehanskane på hylla for godt. Det er slike småe "justeringar" som inngåing av ekteskap ofte fører med seg. Da hjelper det ikkje å vere boksar heller.*

*Arne kom aldri tilbake til Todalen. Han er truleg den einaste profesjonelle boksaren som har vokse opp i bygda.*

*Tekst: Olav P. Kvendset*

**Har du lopper?**

Tida er inne for å leita fram lopper til loppemarknaden i sommar. Gamle bøker og blader er populære lopper, men vi tek i mot det meste!

Helsing "sjefsloppa"

# Ny Todalsdag 5. juli

Laurdag 5. juli er det igjen klart for fotballfest for dei minste på Bordholmen. I år vil det bli meir fotball og fleire lag enn nokon gong, seier Bjørn Hauglann som er ledar for Todalsdagen 2008.

I år er Todalsdagen ein del av lagets jubileumsarrangement, og vi kan også jubilera for at det er 30 år sidan første turneringshelga i 1968.

Todalsdagen er først og fremst mynta på dei yngste fotballheltane. Etter kvart vil det kome meir info om Todalsdagen og det som skal skje. Følg med på nettsida.

***Av Jon Olav Ørsal***



**Vi gler oss til Todalsdag og fotballfest 5. juli!**
Framfor frå venstre: Frikk Hauglann Talgø, Ola Bolme, Thomas Aune, Jens Olav Moe, Steffen Aune og Steinar Gjeldnes.
Bak frå venstre Bjørn Hauglann, Ola Talgø, Ola Ansnes og Brage Hauglann Talgø.

# Jubileums-marsjen

I samarbeid med Vårsøg-helga arrangerer T.I.L. jubileumsmars i Svinvika søndag 11. mai kl 19.00. Med Sven Olav Svinvik som vegvisar og guide vil det bli vandring etter gamle vegar.



Sven Olav har stor kunnskap om veghistoria



og om det som ein kan sjå frå vegen.
Denne rikdomen vil han dele raust med oss andre.
Todalen idrottslag vil servere forfriskingar undervegs på turen.
Denne guida turen kostar kr 50,- og vi trekker ein flott rhododendron på billetten etter turen.

# Hjellåungan

***Av Jon Olav Ørsal***

Hjellåungan, eller for væra meir presis, Ole Martin, Helen og Elmer Øyen , gjorde nærast reint bord på friidrettsstemna på Nordmøre frå midten av 80-talet og eit stykke ut i nittitalet.

Dei viste allreie på lagseriestemna som ungar at dei var store talent på friidrett, og vart oppfordra til å delta på stemne av friidrettleiar Øystein Holsæter

Vi har fått lånt 4 albumar fulle av avisutklipp, og det vitnar om at dei nærast gjorde reint bord på friidrettsbanen den tida. Dei var grossistar i kretsmeisterskap og vann fleire konkurransar med deltakarar frå heile landet.

Ole Martin hadde sin styrke i løp, aller best på 800m. Helen deltok i fleire greiner, men var sterkast i løp og høgdehopp. Elmer var sterkast på kule og spyd. Han vann sin klasse i både spyd og kule i to år på rad i lands-konkurransane på Lillehammer.



*Elmer, Helen og Ole Martin fotografert i 1989. Magne Holten omtala dei i Driva sine spalter som "The Øyen kids".* *Foto: privat*

# Ledaren



Fredag 2. mai blir det arrangert inspirasjonsseminar i regi av Todalen idrottslag.

Vi har vore heldige som har fått ledaren av Toppidretts-sentret Jarle Aambø til å kome til Todalen for å vera innleiar, saman med Magne Wullum. Dette er to store ressurs-personar innan idrettsmiljøet.

Nytt derfor høvet til å delta på dette seminaret, der ein både vil sjå i speila og sjå ut gjennom frontruta.

Det er gjort mye bra gjennom dei hundre åra vi har drive laget, men vi ser også at vi enkelte gonger har teke feil.

Vær derfor med og stak ut kursen på vegen vidare, slik at vi kan halde stø kurs inn i framtida og det neste hundre-året.

Vegen vidare har mange muleghenter og eg er heilt sikker på at vi kan vere med og påverke dette vegvalet til beste for oss i Todalen.

Derfor vil eg oppfordra alle til å delta på dette seminaret for å få nye impulsar og inspirasjon til å forsette å vidareutvikle lagsarbeidet i bygda vår.

**Vel møtt på seminar!**

# Vi takker!



Stor takk til Elisabeth Aas og Per Holaas for det flotte maleriet vi fikk i jubileumsgave.

Elisabeth har atelier i Trondheim, nærmere bestemt i Dronningens gt 48, og ho forteller at maleriet har tittelen ”Et skritt nærmere”, og er malt med acryl på indisk papir. Elisabeth og Per har hytta ”Sissibu” og tar turen til Todalen så ofte de kan. Elisabeth har feriert i Todalen sammen med familien og var bare 1 år da ”Sissibu” ble bygd. Elisabeth sier at hun føler seg like mye som  todaling som trondhjemmer, og Per er enig. Vi lover at det flotte bildet skal bli brukt på en fornuftig måte.



Takk også til Lisabeth Halset Storslett for det fine maleriet med motiv fra Ørsalmyrene mot Vassnebba. Dette ble brukt til hovedgevinst på lotteriet på ”voksenfesten” på nyåret og fikk skikkelig fart på loddsalget.

Lisabet bor på Sunndalsøra, men har forsatt Ytterbaugen som feriested.

Her er det Borghild Talgø som holder maleriet vi har fått.

## Jubileumsmedlemskap

Takk også til alle som har betalt for ”Jubileumsmedlemskap. Hurtigsvarpremie (Jubileumskalenderen) er sendt til alle sammen. Hvis det er flere som ønsker å bidra så har vi fortsatt igjen noen kalendere og gir samme tilbudet.

TIL's jubileumskonto har kontonummer 4040.14.89004.

# Husker du? - gode historier frå ”sidelinja”

Denne gongen har vi fått ei god historie frå Ivar Ness (Einskogå) som bur i Leikanger i Sogn.
Ivar var ein habil fotball-spelar på Todalens sitt lag og held seg enno i god form. Mellom anna har han delteke i Kjeringi Open som startar på Kjeringafjell (1314 m.o.h) og går ned til Sognefjorden.  Det er ein kombinasjon av telemarkkjøring, langrenn, løp og sykling.
Historia hans er frå ungdomstida i Todalen:

Eg vil nemne ei historie frå slåttonna i Andersstu`n på Kvennset. Vi var 3 som hesja i surt vestaver med striregn. Det var Ola Anderstu`n, Ola Holmå og eg, som var berre gutunge. Men eg følgde nøye med diskusjonane som varierte sterkt med omsyn til tema.
Dagens tema var klassisk musikk. Det er mange komponistar som har sett musikk til den katolske bøna ”Ave Maria”, og det var spørsmål om kven som var best. Diskusjonen var så heftig at dei måtte inn å høyre musikk midt i økta. Eg hadde inntil da syntes at klassisk musikk var langtekkeleg, men ikkje den dagen! Eg hugsar ikkje heilt resultatet, eller om det vart semje. Men eg hugsar da namn som Schubert, Gounod og Willibald-Gluck. Etter den tid har eg faktisk hatt sansen for ”Ave Maria”.



*Ivar har pussa støvet av gammelsykkelen som han kjøpte for onnapengar han tente i sin ungdom. Han deltok da i onnearbeid oppi Øyå og inni Ramsøya.*

*Sykkelen er ein Fram ballongsykkel frå Olaf Moen og den vart kjøp ein gong for ca 50 år sidan, skriv Ivar Ness i sin e-post til redaksjonen.*

Foto: Privat

**Dette er spalta med plass for ei god, lun og artig historie frå gamle dagar eller frå nyare tid.**

**Kom med fleire gode historier!**

**Ta kontakt med redaksjonen dersom du har ei  god historie**

**Har du vore innom nettsida vår?**

**Der får du mykje nytt om jubileet!**

**www.todalenil.no**

B ØKONOMI ÉCONOMIQUE

# Jubileumsposten

***Redaksjonen***


**Redaktør Jon Olav Ørsal** ***tlf 913 38 020***
e-post: jon.olav.orsal@svorka.net
**Nettredaktør Guro Redalen** **tlf 452 54 850**
e-post: guro_r@hotmail.com
**Adresse:**
***Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen***
**Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag**


## Er adressa feil? Gi oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det bare å ta kontakt med oss. Enten pr e-post til redaksjonen, eller du kan sende oss et brev eller kort med din rette postadresse.

## Distribusjon av Jubileumsposten

Jubileumsposten blir lagt i alle postkasser i Todalen og på Nordvik. I tillegg blir den sendt i posten til alle utflytta todalingar vi har klart å finna adressa til. Veit du om nokon andre som gjerne vil ha Jubileumsposten, så er det berre å ta kontakt så sender vi.

## Gamle protokollar etterlyses!

**Ein komité er i gang med skriving av lagets jubileumsskrift. Men dei saknar fleire protokollar som det er viktig å få tak i.**

**Vi håper at alle som har hatt tillitsverv i laget kan kikke litt i skuffer og skap. Vi lovar fullt "amnesti", og håpar at du tek kontakt med Svein Talgø (tlf 71663823) eller Borghild Talgø (tlf 90841614) så snart som muleg.**



## Sykkeltrim til Svinvika

Trimgruppa vil i løpet av mai arrangere sykkeltrim til Svinvika, med innlagt besøk i Svinviks arboret.
I gammelvegen blir det lagt inn en konkurranse med natursti.
Trimgruppa vil kikke på langtidsvarslet og komme tilbake med dato og mer detaljert opplegg senere. Så følg med på oppslagstavla og i postkassen!

*Anita Talgø i trimgruppa inviterer til sykkeltrim i mai.*



Her skal nye og fine gardiner på plass.
Innredninga på det nyoppussa kjøkkenet er på plass og Ragnhild Ansnes Moe og Åse Ville Redalen er i ferd med å henge opp nye gardiner på kjøkkenet.

# Oppussing mot slutten

Oppussingsarbeidet går mot slutten, etter en formidabel innsats fra dugnadsgjengene som har vært i aksjon. Antall dugnadstimer vil komme nærmere 1000 før alte er ferdig, og alle er vel glad for at en nærmer seg "målsnora". I skrivende stund er det bare gulvlegging i storsalen og matsalen som står igjen, men også det skal være unnagjort til fredag 2. mai når inspirasjons-seminaret blir arrangert.
På kjøkkenet i ungdomshuset er veggen flytta mot matsalen, slik at en har fått plass til ei "øy" med komfyr og benkplass. God ide og rent så praktisk!
Både ungdomshuset og klubbhuset har fått ny og flott kjøkkeninnredning, og de fleste veggene har fått et malingsstrøk eller to.
Nytt gulvbelegg på kjøkkengulvet i ungdomshuset og epoxymaling på gulva i klubbhuset.
Nye og fine gardiner er på plass på kjøkkenet, og sceneteppe og gardiner i storsalen er renset. På veggene er det mange bilder fra både gammel og ny tid i Todalen. Når alt er fiks ferdig skal vi lage en skikkelig presentasjon av det hele på nettsida vår. Takk for innsatsen!

# Våre sponsorar:


TALGÖ
Surnadal Sparebank
www.bank.no


**Takk!**
Ein takk til sponsorane våre som har gitt jubileumssatsinga og oppussinga av Ungdomshuset og klubbhuset eit trygt økonomisk fundament. Todalen I.L.


Svorka Energi
AMFI
GJENSIDIGE Surnadal